

## Rutine for tildeling av gåver eller gavekort frå Seljord kommune

*I samband med at tilsette sluttar i Seljord kommune skal den tilsette få eit gavebeløp som regulerast med konsumprisindeksen kvart år - i 2020 om lag 100 kr /år for dei som sluttar for overgang til annan jobb etc. og om lag 200 kr/år for dei som sluttar etter end arbeidsliv og går over til pensjon.*

### Rutine for utsteding av gavekort frå Sparebanken din Seljord

Ei mogleg gåve er eit gavekort frå banken som fungerer som eit Visakort, men som ein ikkje kan ta ut kontantar frå.

*Disposisjonsrett på bankkontoane til Seljord kommune er (for tida, februar 2021) desse tilsette:*

- Gøril Haugstøl
- Anne Bente Kasland Groven
- Elin Rebekka Groven
- Lill Jeanette Storaker
- Heidi Eidsvaag (frå 15.02.2021)
- Halgeir Brekke

*Belasting på kontoane kan berre skje om to av desse har stadfesta skriftleg.*

1. Når ein tilsett skal motta gavekort frå Seljord kommune, må einingsleiar ta kontakt med økonomiavdelinga for å bestille dette frå Sparebanken din Seljord
2. Økonomi/personal treng opplysningar om
  - a. Kven som skal motta gåva
  - b. Kva beløp gavekortet skal vere på
  - c. Kva for eining som skal belastast for gåva
3. Tilsette på økonomi/personal med disposisjonsrett over bankkontoane til Seljord kommune kontaktar banken for bestilling av gavekort
4. Einingssleiar hentar gavekortet i banken til avtalt tid

*Gåva blir belasta eininga sitt budsjett .*

### Nasjonale reglar for skattlegging av gåver

*Merk at det finst eigne skattereglar for gåver over ein viss verdi. Dette gjeld både dersom gåve er eit pengebeløp og dersom det er ei gåva over ein viss verdi. Einingssleiar har ansvar for å orientere den tilsette som mottar gåve/-kort om at gåva er skattepliktig.*

### Gåver til tilsette ved særskilte høve er skattefrie dersom alle dei tre vilkåra under er oppfylte:

- gåva vert gitt etter ei **generell ordning** i føretaket, jf. Seljord kommune sine retningsliner for gåver m.m.
- gåva er **ikkje pengebeløp** (gavekort som ikkje kan vekslast i pengar er ok), eller gåva er pengar, men den tilsette **leverer kvittering til arbeidsgivar** for kjøp gjort med pengegåva, og
- verdien av gåva er **innanfor grensene** for skattefrie gåver i arbeidsforhold:

<b>Grenser for skattefrie gaver til jubileum, merkedagar mv. (f.o.m. 2019)</b>	<b>Beløp (inkl. mva)</b>
Tenestetid i minst 20 år og deretter kvart tiande år	kr 8 000
Føretaket er 25 år eller tal på år kan delast med 25	kr 4 000
Arbeidstakar gifter seg	kr 4 000
Arbeidstakar fyller 50 år og deretter kvart tiande år	kr 4 000
Arbeidstakar sluttar etter minimum 10 år i føretaket eller går av med pensjon	kr 4 000
Andre gaver (julekorg mv.) i løpet av året	kr 2 000

*Dersom vilkåra for skattefritak elles er oppfylt, men verdien av gåva overstig grensene, skattleggast berre beløpet som er over grensa. Dersom vilkåra ikkje er oppfylt, vil heile gåva vere skattepliktig.*

*Dersom heile eller delar av ei gåve er skattepliktig, må Personal/Løn få melding så snart som mogeleg, slik at dette vert trekt frå tilsette si løn så raskt som råd. Dette er særleg viktig dersom tilsette skal slutta og berre har få månader att med løn frå Seljord kommune. Alternativt må ein gjere skattetrekket mot feriepengane.*

Les meir om skattlegging av gaver på skatteetaten sine nettsider

<https://www.skatteetaten.no/rettskilder/type/handboker/skatte-abc/gjeldende/gaver-og-tilskudd-i-arbeidsforhold-mv/>

<b>Versjon</b>	<b>Godkjend</b>	<b>Merknad/ending</b>
<b>1.0</b>	05.10.2020	Godkjend av revisor
<b>1.1</b>	02.02.2021	Revidering av namn som kan disponere bankkonto